


i u-lage

Organ for Finnøy Kristelige Ungdomslag

03/06



Her kviler I u-lage

Er dette siste utgåve av
I u-lage nokonsinne?

Les meir på side 3

Takk for meg!

Leiar

Av: Øystein Bergøy

Tida går sanneleg fort! No har 17. mai 2006 passert, og for min og mange andre sin del står eksamenstidene for tur.

Det er no eitt år sidan eg blei med i i u-lage. Tida som redaktør har gjeve meg mykje stress, hovudpine (eg har faktisk ekstrem hovudverk her eg no sit og skriv. Håper ikkje eg blir sjuk til eksamen!) og irritasjon. Men aller mest har det vore kjekt å halda på med avisa, og eg har til og med lært ein del. Eg er stolt over å ha fått drive den avisa som Kåre starta og Henning oppgraderte!

Snart er det ferie, og etter det fer eg forhåpentlegvis til hovudstaden for etter 7 år å kunne kalla meg doktor Bergøy. Ja, eg innrømmer det! Eg er tittelfetisjist. Difor har det vore stas å kunna smykka seg med tittelen redaktør.

Avslutningsvis vil eg berre takka for følgje og ønska dykk ein riktig god sommar!



Skild ved Fødselen



Med denne sveisen er Liv Elise skremmande lik hekse frå Mummidalen.



Nye horisontar

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Det er vår i lufta og vel så det, i alle fall av og til. For lauvsnos bedehus betyr dette både utvendig og innvendig ansiksløft.

Den innvendige oppgraderinga er laminatgolv på loftet og er delfinansiert av laminatkvelden me hadde for nokre veker sidan og delvis sponsa av Ladstein Bygg, ein stor takk til Ladstein Bygg som òg sponsa isolasjonen som me la på høgeloftet i vinter. Utallige skjeivheter i det gamle golvet på loftet og skrå knevegg leda til et par delvis store utfordringar i leggjinga av laminaten, men det vart ei ordning til slutt og tilbakemeldingane tyder på at resultatet vart bra.

Utvendig er det nok eit strøk med måling som står for tur, i tillegg så må ein del røten kledding bytes. Men det største problemet er at mykje av kledding er så dårleg og gammal at det blir svært vanskeleg å få målinga til å sitje, men det vert nok ei ordning.

Elles så vonar eg at me snart kan ta siste strøk med måling på lauvsnos og heller sikte mot nye horisonter og nytt FELLES bedehus. Dette har jo vore snakka om i mange år alt, og mange fleire blir det heilt sikkert, men eg er i alle fall overbevist om at det kristne arbeidet på Finnøy treng ennå eit løft, spesielt med tanke på å få eit miljø der både unge og gamle kan samlast og eit miljø som gjer det enklare å gå ifra ungdomslag til ein eldre del av menigheten. Lite vits i å ha eit bra ungdomsmiljø når ungdommane ikkje har eit brukanes tilbod når dei blir eldre, og eg meiner at eit felles bedehus hadde vore eit stort skritt i rett retning.

Sjølvsagt er det ikkje slik at alt hadde blitt så fantastisk av seg sjølv berre ein fekk eit nytt forsamlingshus, men eg er viss om at eit menighetssenter/bedehus ville ført til at ein kan starte å byggja ein stor menighet i søndagsåpent-stil.

Nyvalt medlem av soknerådet Dag Vidar Nordbø skal arbeide for dette i soknerådet, og prøva å få fart på prosessen, så får me håpe at det ikkje blir bedehus på Judaberg, men Menighetssenter i tilknytning til Kyrkja...

Guds kjærleik

Andakt

Av: Liv Elise Landa

Les dette!. I Bibelen står det møyje fint, så koffer ikkje lesa det? Dette e kult folkens:)

1.Joh.4.7-11

Guds kjærlyghet

Mine kjære, la oss elske hverandre! For kjærlygheten er av Gud, og hver den som elsker, er født av Gud og kjenner Gud.

Den som ikke elsker, kjenner ikke Gud, for Gud er kjærlyghet.

Ved dette ble Guds kjærlyghet åpenbart iblant oss, at Gud har sendt sin enbårne Sønn til verden, for at vi skal leve ved ham.

I dette er kjærlygheten, ikke at vi har elsket Gud men at han har elsket oss og sendt sin sønn til soning for våre synder.

Mine kjære, har Gud elsket oss slik, da skylder vi å elske hverandre.

Slutten for I u-lage?

Av: Øystein Bergøy

Til hausten har ikkje I u-lage nokon redaktør. Vil dette seia at avisa må leggjast ned?

Grunnen til at avisa står utan redaktør er at underteikna sannsynlegvis flyttar til Oslo for å studera. Det har ikkje lukkast meg å finna erstatter(ar). Dermed kan det sjå ut som at I u-lage går ei usikker framtid i møte.

Eg vil oppfordra alle som kunne tenkja seg å delta litt i avisdrifta til å ta kontakt. De blir uansett ikkje aleine. Terje vil framleis vera utskriftsansvarleg, og Jakob har sagt at han kan vera med litt i den vanlege drifta. Men han kan ikkje driva heile avisa aleine. Difor håper eg at han vil få ein god medhjelpar. Det einaste kriterie som vil bli sett er at du er pliktoppfyllande og gjer jobben din.

Henning og eg vil vera tilgjengelege i oppstartsfasen, og me vil sjølv sagt lera dykk opp i korleis avisa kan drivas.

Dersom me ikkje får fleire frivillige, er det mest sannsynleg slutt for avisa Kåre etablerte i 2001 innan kort tid.



Harde fakta etter sommarferien?

Langfredagssamling

14. April

Av: Guri Vignes

Langfredagen i påsken e ein heilt spesielle dag. Dagen der me samles for å minna kvarandre på, at for øve 2000 år si dødde Jesus på eit kors for oss. Rett å slett bare for at me sko få komma te himmelen uden å jer någon ting som helst udenom å tru!

Eg prøvde denne kvellen å få te någe så sko få folk te å tenka litt ijonå ka som egentlig skjeddde denne dagen. Lauvsnes begynte å få liv i seg ronnt klåkkå 9 om kvellen, å me starta me vanlig stikk innom med go stemning, levande lys og

sjokoladekaga i kiosken=)

Ronnt 10 hall 11 samla me oss inni i storsalen for å få me oss ein powerpoint-presentasjon der bilder, et lide filmklipp og teksten ifrå Johannes sitt evangelium om denne dagen va sydd i samem. Gøril va me å sang for oss, d va heilt nydeligt! Me avslutta samlingå me *It is finished*.

D va ein veldig koselige kvell, me møyje fällk. Håbe fällke fekk ein kvell me litt te ittetanke. D va vertfall d som va meiningå! For det Jesus jønåjekk den dagen, e d ingen som kan forestilla seg skikke-ligt. Eg vil bare sei takk eg te Gud for at han sennte Jesus sin egen sønn. Vil hilsa dåkk me Joh. 3. 16.

For så høgt elska Gud verda, at han gav son sin den einborne, slik at kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt,



Hadde dette vore någon me ikkje kjendte, kunne dette vore d mest pinliga bilde i verds-historien

Kozekveld

22. april

Av: Lars Vangen

Dette var ein kveld som skulle visa seg å bli ein av den roligare sorten. Noko som det nok var lagt grunnlag for allreie i den ikkje så altfor aggressive namngjevinga på kvel-

Snackfaktoren var høg, og det blei nok mange gode flashbacks til tidlegare hytteturar med familien då yatzyen kom på bordet. Roger og Lars R skulle visa seg å være to veldig så engasjerte spelarar, og blei ved dette bordet og finna det meste av kvelden. I tillegg til dette var det fleire andre spel som florerte, og sist men ikkje minst vart det arrangert airhockeyturnering. Som viste seg og skulle få ein svært uventa vinnar. Etter at fleire rundar allereie hadde gått skulle Anne Grethe dukka opp i turneringa, ho



Ola måtte t legevaktå itte Roger og Lars R blei sinte då fysstnevnte knuste sistnevnte i yatzy.

kom inn etter at ein annan deltakar ikkje møtte opp til dyst. Det skulle seinare visa seg at ho gjekk heilt til topps. Skal forresten seiast at det var ho som slo ut meg i semifinalen, i ein kamp der ho hadde flaksen på si sia.

Sigeren til Flesjø kom som eit sjokk på dei fleste, då ein skulle tru at Ola som



Aithockeyturneringå gjekk stort sett roligt føre seg, sjøl om Kenneth skreiv seg inn i historiebøgene som tidenes fysste airhockeystreaker

snart har finansiert heile bordet med alt spelet sitt skulle stå igjen til slutt. Men stemninga var god denne kvelden og det blei riktig så koseleg, kanskje i det meste laget då Kenneth letta på knappane i skjorta. For å unngå å få ein klisjéaktig avslutning så gjekk me heim.

Þuzzkveld

29. april

Her skulle eigentleg Steinar og Ole forfatta ein tekst om kva som hende på arrangementet deira 29. april. Eg må ærleg innrømme at eg ikkje var der, så eg veit ikkje kva som føregjekk ute på Lauvsnes denne vårvelden. Difor tenkte eg heller me kunne bli betre kjende med Steinar og Olleboy. Med god hjelp frå anonyme kjelder fann eg meir eller mindre interessante fakta om desse.

Steinar

1. Steinar forstår ikkje kvifor ein skal stå på konsert
2. Han lever for køntri og dænsbænd
3. På leirskulen på Gullingen pakka Steinar sekken to dagar før dei skulle heim
4. Før han fant ut korleis sentrifugeringa på vaskemaskinen virka, over-svømte han hybelen
5. Han uttalar det engelske ordet

"laughing" lauing.

6. Steinar er skeptisk til alt/alle utanfor Finnøy
7. Lever etter regelen "mykje å ta i, mykje å ver glad i", når det gjeld jenter.
8. Er etter sigandes svært flink på bilteori; kommenterar feil i teorboka.



Olleboy

1. Mailen hans er olle_boy34@hotmail.com

2. Han veit ikkje betydninga av ordet "ruinera"
3. Ole rappa på stjerner i sikte på Finnøy Sentralskule
4. Han spyttar når han blir sint
5. Boy har knukke handa under stolleiken
6. blitt spent i leggen av to lærerar
7. MÅ ha ketsjup på ALT.
8. Har blitt slått/sparka av to lærerar



Crazy Hair Night

19. mai

Av: Odd Bergøy og Jakob Steinnes

Når dørene opna klokka 2030, var det deprimerande lite folk som hadde funnet vegen til Lauvsnes. Det var heller ikkje stort fleire som var kome når det heile starta klokka 2100.



Ole friserar ein småfrekk tyskertøssveis på Jakob.

Kvelden byrja med at det var fri tilgang til gelatin, og dei som ville kunne eksperimentera med ulike frisyrar. Nokon med skikkelege hårreisande frisyrar og andre med glatte sleikar. Etter kvart gjekk folk litt lei av gelatinen, og måtte ty til meir ekstreme måtar å forandra sin frisyre; hårfarge! Hårfargen blei brukt på fleire måtar, som hovud, legger og under ar-



Litt pinlig berørte av å ha valgt d sama antrekk, prøvde Serina og Siri ligavel å oppføra seg nonchalante



mane.

Mot slutten av kvelden var det endeleg klart for hårklypp. Ole Andreas viste fram sine frisørkunnskapar på Jakob. Når Ole var ferdig hadde Jakob kun ei stripe med hår igjen på midten av hovudet.

Moralen for denne kvelden er; det blir ikkje kjekkare enn me lagar det sjølv.

17. mai

17. mai

Av: Maria Flesjå

Ja, plutselig va 17.mai nok ein gong. å dette åre va d som i fjor, kje så altfor fint ver når me kom te kvellen! Der sko egentlig vore bål og grilling nere me sjøen,men me droppa d!

Istedenfor blei der heller tent masse lys å d blei rektigt så koselig inne på Lauvsnes Bedehus.

Der kom ein del folk ittekvert å i kiosken va der salg av boller,vaffler å kaker! Folk satt ronnt små bord å tattla, å ittekvert kom der ein andakt åg.. Den va d eg så hadde, å an handla om kor viktig d e å få folk me oss te Himmelen! Å me kan faktisk samenergna eventyre om Bukke-



Sedd to bytter på golve, så begynne dei brautnaste guttane å dansa med kvarandre.

ne Bruse med vår vei te Himmelen.. => Når klåkkå blei litt meir så satte me i gang me någen lekar, å eg fatte kje atte Magne kje skada seg! An føyk rundt som ein aen tulling stakkar! hehe... Kvellen blei kje avslutta før i 12 tiå, å d va ein kjekke kveld!



Hanna frekke seg t

I u-lage kårer

Av: Øystein Bergøy

Eg elsker kåringar. Difor tenkte eg at som ein ekstra godbit til de lesarar, kunne i u-lage kåra nokre av dei festlegaste og mindre flatterande bileta me har i arkiva våre.

Som sagt så gjort. Eg har no pløya gjennom (nesten) alle bileta me har frå 2002 til 2006. Det er ikkje få! Her følger kåringa av dei beste i sitt slag. Nokre bilete har vore i avisa før, men dei aller fleste er nye for den gjengse lesar.

Håper det fell i smak!

Beste anstrengelse



Terje prøver å koma seg opp av vatnet under båtbusen sommaren 04.

Grundigaste snøvasking



Magne blei grundig snøvaska under Stavtjørnweekend 05. Terrorgruppa Falkeidisk Heilag Krig har teke på seg skulda for gjeringa.

Minst flatterande ansiktshår



Inga tvil! Kjetil med sin lite kledelege amishkrans fekk ein til å undra om det var ei neglisjert bikinilinje til ein 70-tals feminist som hadde reist på ferie i ansiktet hans (langfredagssamlinga 2003).

Yngste pensjonist



Torjus under nyttårsfesten 05/06

Ivrigaste "vil bli som sin storebror"

Til høyre: Så søtt! Odd har lagd "dreadlocks" og latar som han spelar bass, nett som bror sin (crazy hair 06).

Beste "kom her og varm deg gutten min"




Sondre varmer seg sjå Jakob under Hjelp! Vi lager film! 2005



Hardaste kakeskjering



Anders ofrar kake (Kake grand prix 2002)



Spenstigaste sveis



Uavgjort mellom stangaldosveisen (Vm på leikvoll 2002), Arna sin huldresveis (Crazy hair 04) og Jakobs noverande hanekam (Crazy Hair 06)

Skeivaste sengekos



Kjell Morten og Vangen koste seg på blåturen i 2004

Beste blås



Johannes Nessa tok seg ein pust i bakken med vasspipa si under karnevalet i 2003.

Minst Fotogene



Maria anno 2003 (Stavtjørnweekend)

Beste blikk



Christer ser Hanne (Buss by bowling 03)

Verste tortur



Ole blir sminka (Stavtjørn 05)

Vakraste Foring



Anders og Tore under Opningsfesten 2003

Villige Føtter

Eg husa Før

Av: Bjørg Sivertsen Lauvsnes

Sidan ungdomslaget ei tid var min andre heim, mitt kristne felleskap, der me fekk vener og kjærastar, ja mest heile livet for meg, har det har jammen ikkje vore lett å peika ut det beste minne! (merk skeptiske vener; eg skriv nynorsk, tross nokre års opphald på austlandet)

Mykje løye er gjort og sagt på Lauvsnes bedehus og andre stader der F.kr.ungdomslag har halde hus. Og ein del av det er allereie presentert i denne spalta, sidan eg tilhøyrrer same generasjon som tidlegare skribentar. Men nå får dykk det frå det sterke kjønns ståstad!! Og kva er vel ikkje meir naturleg enn å byrja med gulv-vask på Lauvsnes?

At det huset står den dag i dag er nok eit under på fleire vis. Men at ikkje huset er råteskada eller har gått opp i liminga for lenge sidan, er nok takka væra nymotens moppe-utstyr. For hadde ikkje "vaske og kott-sjef" vore så framsynt og handla inn slikt utstyr tidleg på 90-tallet, ville metoden som blir beskrive vore i bruk ennå er eg redd. Og når eg tenkjer meg om, er denne hendinga kanskje heller eit av mine verste minner frå F.kr.ungdomslag. Nå vil eg ikkje komma i skade for og henga ut nokon, og nevner ikkje navn, Men glade rekruttar kom i allefall heim på perm og hadde lært og vaska gulvet, sa dei. Endeleg, tenkte me jentene, skulle andre ta seg av vaskinga etter arrangementa. Bøtter med vatn blei fylt opp og det lukta så godt, men til vår store overraskelse blei dei berre tømte utover gulvet, dei pøsa på med fleire bøtter vatn og sa at slik skulle det gjerast!! Som dykk forstår blei det ikkje berre enkelt å samla opp alt vatn att og då kom me jentene inn i bildet igjen, som levande filler blei me dradd rundt omkring i krokar og krør på Lauvsnes bedehus, og ikkje berre ein kveld. Slik held me det gåande, heilt til Hadle, som var som ein slags vaktmes-

ter, fekk stoppa denne form for vasking.

Andre hendingar som det skin litt meir positivt av, er aktivitetane me hadde med KAOS. Ingen må ta navnet bokstaveleg!! Koret KAOS stod for Kristen Aktivitet Og Sang og var aldriiii i nærleiken av kaos-tilhøve. Me var av og til berre litt irritert på at bandet (les Leffy, Torolf med fleir) ikkje kunne klara å komma på tida eller på rett dag!! Men KAOS har vore ein banebrytar for unge talent som vil noko med musikken! Me var faktisk dei fyrste som hadde trommer i kyrkja, og det er me ikkje reint stolte av. Eg gløymer aldri følelsen då m avslutta den 1. gospelkonserten vår med "Villige føtter" (og brennende hjerter) til ståande applaus i ei ganske fullsatt kyrkja og akkompagnemert av trommer og bass!!!

Villige føter hadde me og då me gjekk heim øve på natte tid. Før "guttane våre" fekk seg traktorar og ikkje alle fekk plass i Ladaen til Jørn, hende det ofta at me som budde på Mjølshes- Judaberg strekninga gjekk heim. Ikkje så løye at me ikkje alltid kom heim før han far skulle i fjosen då!!!

Andre gode minner med gåing er gjennom tunnelen på Stavtjørn. Det tok si tid før eg våga meg igjennom, men i ein alder av 16 år trossa eg mørkeredsla og fekk godt fylgje gjennom tunnelen. Då gjaldt det om å gå mest mogeleg stilt og lura seg innpå nokon, samstundes som ein ikkje for i grøfta eller snofla i nokre sauer. Og turen blei kanskje belønna med eit lite kyss eller ein klem der i mørket.....

Så takk for alle gode minner som eg har fått gjennom ungdomslaget! Åra me gjekk der har nok prega meg sterkt og har gjort meg til den eg er blitt, på godt og vondt. Takk for at me fekk prøva oss fram og fekk ansvar, både åndeleg sett og når det gjalt organisering. Må F.kr ungdomslag fortsatt bli rikt velsigna!!!

Kommande arrangement

**Laurdag 27.mai
Superbingo**

**Laurdag 3.juni
Hjelp, vi lager film!**

**Laurdag 10.juni
Tur til Bru**

Laurdag 17. juni

**Fredag 23.juni
St.Hans-fest**

**Etter St. Hans tek som
vanleg sommarkomiteen over.**

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Fordi det lønner seg!



NORBOHUS

Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!